



Det var mange som kjempa hardt mot vinden under helgas noregsmeisterskap i oselvar. Foto: Inge Tøkje.

Full fokus i NM

Vindretning, teknikk og strategi var stikkorda årets deltakarar under NM i oselvar måtte ta høgde for.

I båthamna Atalanta var det nasjonalbåtar i fleng, då årets NM i oselvar gjekk av stabelen i vår eigne kommune i helga. 18 båtar med seglarar frå heile landet var samla for å kjempa om den gjeve tittelen. Vinden flagra hardt i segla og forholda var lagt godt til rette for ein actionfylt dag på dei kvite bylgjetoppene. På bryggekannten vart alle samla til ei offisiell opening av næringsministeren, Monica Mæland (H).

– Eg er imponert over at så mange har møtt opp her, så tidlig på ein laurdag, sa statsråden til folket som stod klar halv elleve for å ta fatt på vinden.

– Ausetevoll har mykje spanande næringsliv og er vel kanskje den kommunen eg har vitja mest. Oselvaren er ein kysttradisjon og nasjonalbåten vår og eg synest det er flott at dei tek vare på kulturtradisjonane våre og syter for at det er liv i sporten, sa ho til Marsteinen og viste ei stor glede for å få lov til å opna meisterskapen.

Vann i år òg

Medan næringsministeren og ordføreren tok turen til Bekkjarvik for å



Næringsministeren, Monica Mæland opna NM i oselvar og fekk saman med ordføreren ei bok om oselvaren for dette. Her er ho saman med Andreas Iversen i Austevoll seilforening.

driva valkamp, tok dei prislystne seglarane fatt på sjøen. I Hunvåkøysosen kjempa dei seg gjennom fleire rundar, for å sikra seg pallplasseringar. Det var båt nummer 20, i frå Milde båtlag som heldt det lengste strået, i år som i fjor. Etterfylgt av Tysnes på ein god andre plass. Du må ned på fjerde plass og til båt 13, før me finn Austevoll på lista. Christian, Helga og Kjetil Østervold blei austevollingane som kom lengst i årets noregsmeisterskap. Til neste år er det Milde sin tur å arrangera meisterskapen.

M Severin Tøkje
redaksjonen@marsteinen.no

Regjeringa vil opna Russland for norsk fisk

Regjeringa vil opna opp igjen den russiske marknaden for norsk sjømat. Fiskeriminister Per Sandberg skal om ein månad møte den russiske viseministeren for fisk. Målet er fiskeeksport til Russland.

– Det klare målet er å opne opp igjen Russland allereie no i september, slik at me kan starta å eksportera fisk til landet igjen, seier fiskeriminister Per Sandberg (Frp) til Fiskeribladet.

Etter at russarane invaderte Krimhalvøya, gjennomførte EU og Noreg handelsrestriksjonar mot Russland. Vladimir Putin svara blant anna med å stengje norsk fisk ute av Russland. Det medførte at salet av norsk fisk stupte, og i dag er det knapt norsk fisk å få i Russland.

Tre dagar etter valet reiser Sandberg til St. Petersburg for å delta på den russiske fiskerimessa 1st Russian Fisheries Forum & Seafood Expo Global. Der skal han møta viseministeren i det russiske landbruksdepartementet, Ilya Shestakov.

– Me kjem til å ta eit initiativ for å finna ei løysing, og bakgrunnen er blant anna at russisk næringsliv ynskjer norsk fisk. Eg har stor tru på at me skal få til dette, seier Sandberg.

NPK

RESULTATLISTE

1. NOR – 20, TERNA
Nils- Ove Nipen (Milde båtlag)
Harald Nipen (Milde båtlag)
Ove Gram Nipen (Milde båtlag)

2. NOR – 41, SEIRA
Svein Økland (Båtlaget Njord/Tysnes)
Åshild Økland (Båtlaget Njord/Tysnes)
Sindre Økland (Båtlaget Njord/Tysnes))

3. NOR – 21, ULRIK
Erling Nesse (Milde båtlag)
Geir Myre (Bergens Seilforening)
Tord Hjellevstad (Hjellevstad seilforening)